

Prioritering av søknader tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar 2021

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Om tiltaket	Totalutg.	Søknadssum	Prioritering	Grunngjeving
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	HFS sine aktivitetar er spreidde i fleire mindre bygg. Museet kjøpte i 2016 naboeigedom med eit næringsbygg (1000 m2) som ekspansjonsareal. HFS har utvikla planen «Tett på» for nødvendig utvikling av bygg og uteområde. «Kulturnaustet» er største delprosjekt i «Tett på». Det gjeld ombygging av næringsbygget til eit funksjonelt, universelt utforma publikumsbygg med formidling, filmsal, resepsjon og butikk mv. i 1. høg. I 2. høg kontor, undervisningslokale og bibliotek. Det betrar besøks- og undervisningsforholda, gir ei meir rasjonell drift og betrar arbeidsforholda. Det frigjev areal til verkstader med tradisjonshandverk og opplæring, er framtidsretta, betrar logistikk og tilpassar HFS til dagens krav og brukarar. Er klar til rammeløyve.	58 834 311	9 300 000	1	Fylkesdirektør ser Kulturnaustet som eit viktig tiltak for å utvikle aktiviteten ved Hardanger Fartøyvernssenter, og meiner regjeringa sine signal gjennom museumsmeldinga gjer fylkeskommunal medfinansiering endå meir aktuelt. Hordaland fylkeskommune har tidlegare støtta tiltaket med 700 000 kr, og senteret har fått tilskot via fylkeskommunen til tilstøytande tiltak i fleire rundar. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 1 ved budsjett 2022.

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbyg g	Bygget er klimaregulert i høve fukt og temperatur, og jekta sikra med naudsynt oppstøtting. Formålet er å bevare og vise Holvikejekta i mest muleg opphaveleg stand, for notida og for framtidige generasjonar. Det er naudsynt både ut frå eit verne- og formidlingsperspektiv. Jekta er trua av råteskadar, deformering og insektangrep. Den er heller ikkje godt nok sikra mot brann, skadeverk, vind og springflo. Per i dag har publikum berre høve til å sjå jekta ute, gjennom netting. Med nybygget vil det bli lagt til rette for å ta imot besøkande på ein god måte, med universell utforming og heilårs formidling. Det vil auke attraksjonsverdien, skape fleire besøkande og auke opplevingsverdien til dei som kjem.	33 816 800	10 000 000	2	Fylkesdirektør ser verne- og formidlingsbygget som eit nødvendig tiltak for å bevare og vise Holvikejekta for notid og framtid. Regjeringa sine signal i museumsmeldinga om at Kulturdepartementet vil prioritere investeringssøknader som kan løfte kystkulturen si historie og at Holvikejekta er ein av seks prioriterte prosjekt, gjer fylkeskommunal medfinansiering endå meir aktuell. Fylkesdirektøren tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 2 ved budsjett 2022.
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG	Ullensvang	Lindehuset	Lindehuset vil bli ein allsidig kulturarena som møter ei mengd ulike behov, med fasilitetar som eit regionsenter skal ha, i følgje fylkeskommunen sitt planverk. Lindehuset blir ein ny, sentral møteplass for kulturlivet i vid omkrins. Bygget vil innfri etterspørsel som finst lokalt, regionalt og nasjonalt. Eit hovudgrep er å ha ein fleksibel bruk av areala, med stor utnyttingsgrad. Vesentleg i prosjektet at ein tar vare på eit kulturhistorisk svært viktig bygg, ved vern gjennom bruk. Bygget representerer internasjonal industrihistorie. Store deler av det historiske anlegget er intakt. Lindehuset har høge arkitektoniske kvalitetar, og er med i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for teknisk-industrielle kulturminne.	93 512 028	10 700 000	3	Lindehuset har tidlegare fått støtte frå Hordaland fylkeskommune på til saman 6,3 mill. kr, og fylkesdirektør tilrår derfor at Vestland fylkeskommune blir med i den vidare finansieringa av tiltaket. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 3 innan ordninga.

SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlands tunet"	Det er eit prekært behov for rehabilitering og fornying av administrasjons og publikumsbygget til Sunnhordland museum. Dette for å kunna møta besøkjande med dagens standard for offentlege bygg. Museet har ikkje eit tilbod som svarar til krava om universell utforming, til dømes har ikkje rullestolbrukarar og bevegelseshemma tilfredssillande tilgang til museet. Bygget har over tid vore utsett for vasslekkasjar, både gjennom taket inn i kontor og utsillingalokale og gjennom grunnmur og inn i magasinet. Dei gjentekne vasslekkasjane har medført skade på gjenstandar og dårleg inneklima for gjenstandar, besøkjande og tilsette. Situasjonen vart vurdert som prekær av konservator og våre faglege rådgjevarar hos bevaringstenestene på MuHo.	61 414 977	14 585 659	4	Fylkesdirektør ser at det er stort behov for å rehabiliter og fornye administrasjons- og publikumsbygget ved Sunnhordland museum. Regjeringa har løyvd 10 mill. kr i midlar til prosjektet, med lovnad om 5,2 mill. kr ved seinare statsbudsjett. Hordaland fylkeskommune har i alt løyvd 5,886 mill. kr til prosjektet. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 4 ved budsjett 2022.
------------------------	-------	---------------------------------	--	------------	------------	---	---

STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbyg- g	Gamle Bergen Museum er et urbant friluftsmuseum. Museet formidler stedets, menneskenes og bygningenes historie med særlig vekt på de siste 300-år. Bergens og Vestlandets historie er tett vevd sammen. Byen hadde fra 1850 en betydelig befolkningsvekst og svært mange kom tilflyttende fra det som i dag er Vestland. Nytt publikumsbygg sikrer helt nødvendig infrastruktur for Gamle Bergen, universell tilrettelegging og gir museet mulighet til helårsdrift. Gamle Bergen er det eneste friluftsmuseet i landet som fremdeles mangler dette. Dersom vi skal kunne ta en sentral rolle for formidling av Bergen og regionens historie, samt være en arena for frivillighet, mangfold og integrering må vi ha tilstrekkelig innendørs fasiliteter.	85 000 000	10 000 000	5	Fylkesdirektør ser at nytt publikumsbygg vil gje museet eit løft og høve til heilårsdrift. Hordaland fylkeskommune har tidlegare støtta tiltaket med 5,55 mill. kr, og fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 5 ved budsjett 2022.
------------------------------------	--------	--	--	------------	------------	---	---

<p>Moster Amfi -og kyrkehistoriske senter</p>	<p>Bømlo</p>	<p>Moster Amfi og kyrkehistoriske senter</p>	<p>Moster står no framfor sitt andre riksjubileum – Moster 2024. Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune har etablert selskapet Moster 2024 AS. Dette selskapet har som oppgåve å planlegga og gjennomføra 1000- års jubileet i 2024. Moster Amfi – og kyrkehistoriske senter er staden for jubileumshelga 31.mai – 2.juni i 2024. Eit mål med riksjubileet i 2024 er å skapa drøftingar i skule og samfunn om vårt verdigrunnlag i den brytningstida me lever i. Samstundes skal jubileet bli eit varig løft for å synleggjera den nasjonsbyggjande historia som ligg her. Det er ein naturleg ambisjon for styret i Moster Amfi og- kyrkehistoriske Senter (MA) å påta seg eit nasjonalt ansvar for den historiske arven på Moster etter jubileet i 2024. Sjå vedlegg</p>	<p>49 900 000</p>	<p>10 000 000</p>	<p>6</p>	<p>Det er mål om å oppgradere store delar av anlegget ved Moster Amfi og kyrkehistoriske senter fram mot riksjubileet 2024. Det vart hausten 2020 gjort ei tilstandsvurdering av anlegget, som avdekka mange manglar på eigedomen. Fylkesdirektør ser at det er stort behov for oppgradering av dagens anlegg, og tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 6 ved budsjett 2022.</p>
---	--------------	--	---	-------------------	-------------------	----------	---

M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	M12 Gruppen AS ervervet i 2019 to store verkstedhaller i Øygarden kommune som nå er under ombygging. For å tilrettelegge fasilitetene til produksjon av scenekunst og film, er det behov for å gjennomføre større akustiske tiltak. Med tilskudd fra Kulturrom er det utarbeidet en rapport som beskriver behov og løsninger. Denne er vedlagt søknaden. I Fase 1A, (denne søknad) planlegges det akustisk isolering og justering av etterklangstid i Hall A, forsterkning av takkonstruksjon for installasjon av tekniske innretninger og anskaffelse av basis infrastruktur. I senere faser vil det gjøres tilsvarende tiltak i Hall B, oppgraderinger av støttearealer for artister og senere etableres fasiliteter for å kunne tilby residency for arenaens brukere.	6 149 381	1 600 000	7	Kulturterminalen i Øygarden vil kunne verte ein ny, stor arena for produksjon av scenekunst, film og tverrfaglege kunstprosjekt. Tiltaket har både regional, nasjonal og internasjonal interesse, og M12 Gruppen er allereie i gang med aktivitetar på arenaen. Fylkesdirektør ser tiltaket som nyskapande og ein viktig arena for å kunne utvikle spesielt scenekunst- og filmfeltet i regionen, og tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 7 ved budsjett 2022.
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	Samvirket var tidlegare eit butikklokale (Coop) som Fjaler kommune overtok tidleg 2018. Det vart kjøpt inn som møteplass og produksjonslokale for kunst. Ein har prøvd ut lokalet gjennom dese åra og no må ein få til ei bruksendring frå næringslokale til forsamlingslokale. PreForm har gjort investeringar på ca 1,3 mill knytt til scene, lysrigg og publikumsarena til ca 150. Det er også bygd to lydstudio til produksjon av radio, radioteater, podkast, musikk.	15 313 750	5 000 000	8	Samvirket er eit kulturhus som rommar ulike funksjonar, som møteplass, produksjonslokale for kunst og forsamlingslokale. Kulturhuset har potensiale som ein viktig regional arena for kreative utøvarar i distrikta innan det frie kunst- og kulturfeltet. Fylkesdirektør tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 8 ved budsjett 2022.

<p>Moster Amfi -og kyrkehistoriske senter</p>	<p>Bømlo</p>	<p>Moster Amfi og kyrkehistoriske senter</p>	<p>Denne søknaden gjeld finansiering av nytt ventilasjonsanlegg og nytt toalettanlegg.</p> <p>Ventilasjonsanlegg Ventilasjonsanlegget er frå 1995 og oppfyller ikkje krava til standard for ventilasjon. Dette gjeld både i høve arbeidsmiljø for dei tilsette, men og for gjester i anlegget. Det er montert nytt kjøkken i Amfikafeen. Det gamle tilfredsstilte ikkje krava frå Mattilsynet, som igjen førte til at det ikkje kunne produserast mat til gjester. Det kan gjerast no, men dette set og krav til ventilasjon. Toalettanlegg Fleire av toaletta i anlegget er øydelagde. Alle toaletta er utdaterte og lite funksjonelle. Handikaptoalettet er ikkje godt nok universelt utforma og gjer det vanskeleg for rullestolbrukarar å nytta. Sjå vedlegg.</p>	<p>1 591 000</p>	<p>750 000</p>	<p>9</p>	<p>Moster Amfi og kyrkehistoriske senter søker om midlar til nytt ventilasjonsanlegg og toalettanlegg, for å betre arbeidsmiljøet for tilsette og gjere senteret betre lagt til rette for gjestar. Senteret førebur riksjubileet 2024, og desse to tiltaka er det nødvendig å gjennomføre straks. Det vart hausten 2020 gjort ei tilstandsvurdering av anlegget, som avdekka mange manglar på eigedomen. Fylkesdirektør ser at det er stort behov for oppgradering av dagens anlegg, og tilrår at tiltaket blir prioritert som nr. 9 ved budsjett 2022.</p>
---	--------------	--	---	------------------	----------------	----------	---

Fortidsminneforeningen	Luster	Ornes verdensarvsenter	Miljødirektoratet autoriserte i okt. 2019 Ornes som verdensarvsenter med planer for bygging av et nytt besøksenter. Det skal være inngangsporten til Ornes og er avgjørende for bærekraftig bruk, bevaring og sikring av stavkirka og verdensarvområdet. Bygget skal bidra til fullt ut å realisere ambisjoner og mål for formidling og aktiviteter knyttet til det å oppleve verdensarven, samt styrke den lokale forankringen og verdiskapningen. Verdensarvsenterets nye bygg skal være navet i et helhetlig publikumstilbud som knytter sammen formidlingen av stavkirken, kulturmiljøet og landskapet. Senteret med «Urneshagen» vil styrke og videreutvikle Ornes som et kulturelt fyrtårn og kraftsenter i regionen med nasjonale og internasjonale ringvirkninger.	56 900 000	10 000 000	Ikkje prioritert	Vestland fylke er det fylket i landet med flest verdsarvstader; Bryggen, Ornes og Nærøyfjorden. Førebels er det berre Ornes som har fått autorisasjon som besøksenter. Fylkesdirektøren ser realisering av besøksenter som viktig for å utvikle Ornes som verdsarvsenter og ser det som aktuelt å vurdere regional medfinansiering når staten tek stilling til investering og drift av senteret. Fylkesdirektøren tilrår at tiltaket ikkje blir prioritert ved budsjett 2022.
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	KODE har lange tradisjoner for verkstedsaktiviteter rettet mot barn og unge. I 2011 åpnet vi KunstLab i KODE 4, Norges første kunstmuseum for barn. Etter at Bergen kommune i fjor besluttet å stenge Lysverksbygget på ubestemt tid, står KODE uten et rom som er tilpasset for denne type virksomhet. Det er et stort tap for byen og hele regionen at KODE ikke lenger har fasiliteter til å utføre dette viktige samfunnsoppdraget. Vi ønsker å benytte et tidligere butikklokale i første etasje av KODE 1 som vårt nye formidlingsverksted. Lokalet bærer i dag preg av å være utformet som arena for varehandel, og det vil kreves en del ombygging og tilrettelegging for at rommet skal nå sitt fulle potensiale som	400 000	300 000	Ikkje prioritert	KODE kunstmuseer og komponisthjem søker om midlar til eit nytt formidlingsverkstad ved KODE 1 med barn som hovudmålgruppe. Fylkesdirektør ser tiltaket som viktig for å legge til rette for utvida aktivitet, spesielt for barn og unge, men tilrår at prosjektet ikkje blir prioritert ved budsjett 2022. Søkjjar blir oppmoda om å komme tilbake med ny søknad med fullstendig budsjett ved seinare søknadsrundar.

KVAM KOMMUNE	Kvam	Kulturhus i Kvam	<p>Ein ny kultursal i Norheimsund vil vera ei kulturell storstove for heile Hardanger. Både lyd kvaliteten og den visuelle opplevinga vil koma meir til sin rett ved produksjonar som krev ei stor scene, og store arrangement vil krevja mindre ressursar, då ein slepp å rigga opp og ned for kvar produksjon. Ein slik sal vil gjera det lettare å trekkja større konferansar, gje lokale organisasjonar og arrangørar ein betre framføringsarena. På den måten vil ein storsal verta eit naturleg samlingspunkt for utøvande kunstnarar, og den vil gje høve til store og små kulturopplevingar i nærområdet. Eit slikt lokale vil også vera viktig for samfunnsutviklinga i Hardanger.</p>	101 100 000	10 000 000	Ikkje prioritert	<p>Kultursal i Norheimsund vil kunne fylla ein regional funksjon i Hardanger som arena for større framføringar. Kultursalen vil kunne vere ein viktig arena for aktivitetar ved nye Kvam vidaregåande skule. Fylkesdirektør er positiv til tiltaket, men tilrår at det ikkje blir prioritert ved budsjett 2022.</p>
--------------	------	------------------	---	-------------	------------	------------------	---

STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	<p>Stiftelsen Bergen Kjøtt søker hastetilskudd på totalt 817 000. Følgende tiltak er nødvendig:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bytte ut 91 elektriske feil og mangler i bygningen 2. Modernisere det 20 år gamle ventilasjonssystemet, som betjener de studioer og fellesområder i 1. etasje 3. Bytt ut det lekkende hovedtaket som har stått ubyttet i over 50 år <p>Disse infrastrukturelle oppgraderingene vil garantere trygge arbeidsområder i huset med 75 studioleietakere, som utgjør en vesentlig del av regionens fremste produsenter og artister. For tiden er leietakerne og brukerne utsatt for elektriske brannårsaker og vannskader hvis vi ikke tar tak i disse spørsmålene umiddelbart. Uten et nytt ventilasjonssystem, kan ikke studioleietakerne våre bruke studioene sine forsvarlig.</p>	817 000	270 000	Ikkje prioritert	<p>Stiftelsen Bergen Kjøtt søker om tilskot til tiltak for å modernisere elektrisk anlegg, ventilasjonssystem og tak. Bergen Kjøtt er ei av dei største kulturscenene i Vestland, og samarbeider med mange organiasjonar og aktørar. Fylkesdirektøren ser at bygget treng teknisk oppgradering, men tilrår ikkje at tiltaket blir prioritert ved budsjett 2022.</p>
----------------------------	--------	--------------	--	---------	---------	------------------	---

STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	<p>I ei tid med omstillingsprosessar og konflikhtar knytt til bruk og vern av dei gamle industriområda i Odda, har litteraturen vist seg å ha ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet. Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ei vidareføring av litteratursatsinga i Odda dei siste 15 åra, med Litteratursymposiet i Odda som motor.</p> <p>Stiftinga fekk hand om det gamle garderobehuset på Smelteverket etter nedlegginga, og vart etablert i 2011. Første byggjetrinn var det året, seinare kom det heis på plass i huset. I 2016 starta vi prosjekt ferdigstilling, og har sakte, men sikker bygd rom for rom. No mangler siste trinn, med m.a. teknisk rom og ventilasjonsanlegg, som trengs for å få ferdigattest.</p>	6 400 000	600 000	Ikkje prioritert	Sentralbadet litteraturhus samlar kultur- og historieinteresserte gjestar og er arena for ulike arrangement og aktørar frå regionen. Hordaland fylkeskommune har løyvd i alt 1,4 mill kr. til utvikling av litteraturhuset, gjennom tildelingar i 2012 og 2019. Fylkesdirektøren ser Sentralbadet litteraturhus som ein viktig arena for litteratur og kulturarrangement, men tilrår at søknaden ikkje blir prioritert ved budsjett 2022.
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	En utvidelse av USF Verftet til Kulturkvartalet Verftet med nabotomten Kjødehallene. Den vanskelige kulturarenasituasjonen i Bergen står i veien for den kunstneriske utviklingen og for utviklingen av kulturbyen. Vi mangler egnede scener for en rekke kulturuttrykk som krever store areal og kapasitet til 3-4000 publikummere. For at kulturaktørene i Bergen skal skal kunne innfri sine kunstneriske ambisjoner trenger vi formålstjenlige kulturbygg. En utbygging av vår nabotomt med Kjødehallene vil løse disse arenabehovene.	1 650 000	500 000	Ikkje godkjent	Stiftelsen USF Verftet søker om midlar til utviding av kulturhuskvartalet. Søknaden manglar nødvendig dokumentasjon som er krevd gjennom retningslinjene, og fylkesdirektør tilrår derfor at søknaden ikkje blir godkjent.
Sum				572 799 247	93 605 659		